

Innkalling til forstandarskapsmøte

Det vert med dette innkalla til forstandarskapsmøte i Tysnes Sparebank

Torsdag 21. mars 2024 kl. 18.00 i bankens lokaler på Våge, Tysnes

Sakslista

1. Opning av møtet ved forstandarskapets leiar og oppretting av liste over frammøtte representantar
2. Godkjenning av innkalling og dagsorden
3. Val av 2 personar til å skrive under protokollen saman med møteleiar
4. Godkjenning av bankens årsrekneskap for 2023 herunder årsmelding, årsoppgjørdisposisjonar, utbytte, revisjonsberetning og godtgjersle til revisor (sjå note 22 i årsrapporten)

Bankens årsrapport er vedlagt innkallinga, samt revisors revisjonsberetning.

Forslag til vedtak:

"Forstandarskapet har handsama årsrekneskap og årsmelding for 2023. Styrets framlagte årsrekneskap for 2023, som viser eit totalresultat på 34,539 millioner kroner, og årsmelding for 2023 vart godkjend"

"Forstandarskapet vedtok foreslåtte disponeringar av bankens årsoverskot for 2023 som følgjer (tall i tusen kroner):

Overført til Sparebankens fond	kr.	12.864
Overført til gåvefond	kr.	1.800
Overført til utjamningsfond	kr.	16.739
<u>Overført til fond for urealiserte gevinster</u>	<u>kr.</u>	<u>3.136</u>
<u>Sum disponert</u>	<u>kr</u>	<u>34.539</u>

"Forstandarskapet vedtok styrets foreslåtte kontantutbytteutdeling til eigenkapitalbevisegarane for året 2023, totalt 11,718 millioner kroner"

"Forstandarskapet tok revisors uavhengige beretning til orientering"

"Forstandarskapet vedtok revisors godtgjersle etter rekning for revisjon i 2023"

5. Tildeling av gåver til almennyttige føremål
Styret har utarbeida eit forslag til tildeling av gåver til almennyttige føremål der totalt NOK 251.000 vert delt ut etter gitte kriterier. Forslaget til tildeling er vedlagt og vert gjennomgått på møtet.

Forslag til vedtak:

"Forstandarskapet vedtok utdeling av gåver til almennyttige føremål i samsvar med det framlagte forslaget"

6. Fornya styrefullmakt til tilbakekjøp av bankens eigne eigenkapitalbevis
7. Fornya/auka styrefullmakt til opptak og innfriing av ansvarleg lån
8. Fornya/auka styrefullmakt til opptak og innløyising av fondsobligasjonar

9. Styrefullmakt til kapitalforhøyelse (10%)

Banken er i ein prosess med samanslåing med Haugesund Sparebank. Den juridiske gjennomføringa er venta gjennomført mellom 1. juli og 31. desember 2024. Styret har derfor vurdert det som mest hensiktsmessig at alle tillitsvalde per dato fortset i sine verv inntil samanslåinga med Haugesund Sparebank er gjennomført. Det er planlagt eit ekstraordinært forstanderskapsmøte der val av styremedlem i den samanslåtte banken, samt val av styremedlemmer i Sparebankstiftinga Tysnes vert gjennomført. Det vil verta orientert meir om dette i møtet.

Dersom du ikkje kan delta ber vi om melding så snart som mogeleg og seinast innan 18.03.2024 til Britt Ersvær på telefon 952 84 306 eller e-post ber@tysnes-sparebank.no.

Tysnes, 06.03.2024

Reidun Myklebust
Leiar i forstandarskapen

Vedlegg

- | | |
|-----------|--|
| - Sak 4 | Årsrapport 2023 |
| - Sak 5 | Forslag til tildeling av gåver til allmennyttige føremål |
| - Sak 6-9 | Saksnotat om styrefullmakter 2024 |